

Førde, 19.03.2014

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Vikaelva kraftverk AS – Søknad om planendring av Vikaelva kraftverk i Stryn kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til planendringssøknaden som vi har fått på avgrensa høyring. I tillegg viser vi til NVE sine vurderingar og konklusjonar i KTI-notat nr. 41/08 – Bakgrunn for vedtak (om Vikaelva kraftverk) av 26.06.2008.

Kommentarar til søknaden om redusert minstevassføring:

Av KTI-notat nr. 41/08 går det fram at minstevassføringa vart sett forholdsvis høgt (for den tida saka vart handsama, i dag ville den kanskje vorte sett enda høgre) av omsyn til mellom anna ulike slags biologisk mangfald, naturtypen bekkekloft, og av omsyn til landskap. (Sjå side 23 i KTI-notat nr. 41/08 for fullstendig grunngjeving.) Storleiken på minstevassføringa var også del av grunngjevinga for at det ikkje vart sett krav til installering av omlaupsventil.

Med bakgrunn i grunngjevinga for den fastsette minstevassføringa, meiner vi at den bør oppretthaldast i samsvar med konsesjonen, og ikkje reduserast. **Vi går derfor mot å imøtekome søknaden om redusert minstevassføring!**

Men når dette er sagt, så må vi også seie at vi har **stor forståing** for at utbyggerane sine synspunkt i søknaden. Vi synest det er "merkeleg" at det ikkje skal vere mogeleg for Vikaelva Kraft AS å verte einige med Stryn Energi AS om den skisserte overføringa av vatn til Vikaelva kraftverk, ettersom dette heilt opplagt vil gje auke i den samla elektrisitetsproduksjonen utan av det blir auke inngrep! Samfunnsøkonomisk (og kanskje/truleg også for miljøet?) vil det jo heilt opplagt vere ein fordel at den attendeføringa av vatn til Vikaelva som det er gitt konsesjon til, vert gjennomført. Med bakgrunn i dette, ber vi NVE vurdere følgjande:

1. Å "mekle" mellom Vikaelva Kraft AS og Stryn Energi AS for å kome fram til ein balansert avtale om tilbakeføring av vatn til Vikaelva. Kanskje kan også Stryn kommune ta del i ein slik "meklingsrunde"?
2. Viss "mekling" ikkje lukkast, ber vi NVE vurdere om det er mogleg å **pålegge** partane å gjennomføre ei slik overføring. Til dømes i samband med revisjon av konsesjonsvilkåra for Stryn Energi AS si utbygging.
3. Viss resultatet av både punkt 1 og 2 er negativt, ber vi NVE vurdere om Stryn Energi AS kan påleggast å sleppe "sin del" (= 36% bedømt ut frå sakspapira) av minstevassføringa ut i Vikaelva og dermed bidra til at Vikaelva Kraft AS ikkje lid tap. Også dette er noko som kan sjåast på i samband med revisjon av Stryn Energi AS sine konsesjonsvilkår.

Vår klare oppfatning er at ein må prøve å få til løysingar av den typen vi har skissert ovanfor, i staden for å redusere minstevassføringa i Vikaelva. Vi håpar at alle partar i saka, inklusive NVE og kommunen, kan vurdere dette. **Redusert minstevassføring er etter vårt syn uakseptabelt!**



Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

